



KOMMUNEREFORMA

Stort ja-fleirtal i Sa

Det er eit tydeleg fleirtal for Midt-Telemark i Sauherad, ja i Bø og nei i Nome. Det viser meningsmålinga Bø blad og Kanalen har fått gjennomført.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no -- tlf 976 88 692

I Sauherad seier 66 prosent ja til at kommunen slår seg saman med Bø og Nome. 22 prosent seier nei og 11 prosent veit ikkje. I Bø seier 44 prosent ja medan 36 prosent seier nei, det vil seie at det er åtte prosentpoeng som skil dei to. Det er 20 prosent i Bø som svarar at dei ikkje veit.

I Nome er det fleirtal mot ei samanslåing. Der 48 prosent som er imot og 38 prosent for. Det er 14 prosent som svarar veit ikkje. Til samanlikning er det 11 prosent i Sauherad som svarar veit ikkje.

Lundeheringar for

I Lunde er det eit relativt solid

fleirtal for Midt-Telemark, 57 prosent ønskjer det alternativet. I andre enden av kommunen svarar 65 prosent at dei er imot ei samanslåing med Bø og Sauherad.

Det er 29 prosent mot samanslåing i Lunde og 20 prosent for i Ulefoss. I kommunen sett under eitt er det altså likevel fleirtal imot, ifølgje meningsmålinga.

Stabilt ja i Bø


I september 2014 hadde Bø blad ei meningsmåling i Bø. Då svarte 42 prosent at dei gjekk for ein kommune i Midt-Telemark. Totalt ønskte 70 prosent ein eller annan variant av Midt-Telemark, det vil seie Bø og Sauherad med eller utan Lunde i tillegg til alle tre kommunane.

Den gongen var også andre alternativ som Notodden med. Det var det relativt lita interesse for. I 2014 var det åtte prosent som sa nei til at Bø skulle slå seg saman med andre kommunar. No er det altså 36 prosent som seier nei.

Stabile resultat, men usikkert

– Det kan bli så stor motstand i

BØ



Nome at folk i Bø spør seg om det er eit poeng å ha dei med. Det seier Jarle Gulbrandsen i analysefirmaet Norfakta som har gjennomført undersøkinga. Han har sett liknande tendensar i andre kommunar.

Gulbrandsen viser til at 20 prosent sit på gjerdet i Bø, men seier også at det er eit relativt stabilt fleirtal for i denne kom-

munen.

– Kan eit slikt fleirtal snuast?
– Me har ikkje eksempel på det, men me veit at ei mobilisering mot ei avstemming kan vere betydelege og straumane er sterke, seier Gulbrandsen.

Han peikar også på at ein ting er kva ein seier i ei uforpliktande måling, noko anna er å seie ja eller nei når ein skal putte lappen

i urna.

– Det rører seg ein del på slutten. Dette er kjempeinteressant, seier fagmannen.

Gulbrandsen trur at motstanden vil sementerast i Nome, kanskje forsterkast.

– I Bø kan det slå begge vegar, men føler ein at motstanden i Nome er veldig sterk, kan det gå mot eit tettare løp enn målin-

– Har ikkje følgd med

Caroline Li og Hanne Kjersti Kåsa veit veldig lite om kommunesamanslåing og kva som skjer, men tek ansvar for det sjølve.

Marta Kjøllesdal

marta@boblad.no – tlf 976 88 692

– Eg har i grunnen ikkje oppsøkt noko informasjon, seier Caroline Li.

Me treffer Li og Hanne Kjersti Kåsa utanfor Bø senteret. Li har barnevogn.

– Kva er det som er viktig for deg å vite om ei eventuell kommunesamanslåing?

– Kvar sentrum blir. Forsvinn Bø, spør Li og får støtte av Kåsa.

Ho peikar på at Nome har både Lunde og Ulefoss, Sauherad har fleire sentrum.

– Bø har me berre Bø og det sentrumet må me behalde, meiner dei to.

– Kva er det ved kommunen som er viktig for deg?

– Det er helsestasjonen, at den blir her når eg skal på kontroll, seier Li og kikkar ned i vogna.

Ho ønskjer ikkje å måtte køyre til Ulefoss til helsestasjon og tannlege.

– Det som er i Bø må halde fram med å vere her. Det fine med Bø er at alt er så konsentrert, meiner Li, og får støtte og Kåsa.

Dei to tykkjer heller ikkje at folk frå Ulefoss skal vere nøydd til å køyre til Bø for å få kommunale tenester.

